



Gros Blomster har hatt ein god start og dette biletet vart teke på opningsdagen, Gro og Arnhild Myklebust ekspederar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye blomebutikken Gros Blomster i Uskedalen har hatt ein god start og no har Gro Hjelmeland fått ei ekstra oppmuntring med på veggen: 20.000 frå det kommunale næringsfondet.

Løyvinga vart gjeve av styret, som er identisk med formannskapet, i det siste møtet. Sakshandsamaren skreiv at Gro er frå Uskedalen og at ho er eit godt døme på fagfolk som kjem tilbake og etablerer seg på heimstaden etter ei tid ute.

Han peika og på at sjølv om det er fleire blomebutikker i kommunen frå før, vil det truleg vera rom for fleire. Det vil difor ikkje vera konkurransevridande i høve til vedtektene for næringsfondet å yta tilskot til denne nyetableringa.